

Innkalling

Utval: Sykkylven kontrollutval

Møtestad: Sykkylven bibliotek

Dato: 12.03.2025

Tidspunkt: 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399.

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

- PS 07/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 08/25 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning
- PS 09/25 Årsmelding 2024 - Sykkylven kontrollutval
- PS 10/25 Møteplan 2025 - endring av møtedato

- PS 11/25 Meldingar og skriv
- MS 06/25 Invitasjon til fagkonferanse 3.-4.06.2025 - frist 10.04.2025
- MS 07/25 Nyhendebrev frå Forum for kontroll og tilsyn - mars 2025
- MS 08/25 Varsel om eigarmøter 2025 i heileigde selskap

Ålesund, 05.03.2025

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sykkylven kontrollutval - 05.02.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området personalressursforvaltning, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet.

Ressursramma for forvaltningsrevisjonen er inntil 300 timar.

Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 29. august 2025, og kontrollutvalet vil handsame den i sitt første møte andre halvår.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatsrådgivaren informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunnsinformasjon:

I kontrollutvalet sitt møte 05.02.2025 gjorde Sykkylven kontrollutval følgjande vedtak:

Sykkylven kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning i Sykkylven kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- *bakgrunn og føremål*
- *problemstillingar*
- *revisjonskriterie og metode*
- *tidsplan*
- *forventa ressursbruk*

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Vurdering:

Møre og Romsdal revisjon SA har svart på kontrollutvalet si bestilling av ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon på personalressursforvaltning i Sykkylven kommune.

Denne prosjektplanen ligg ved saka her.

Det er no gjennom behandling av den framlagte prosjektplanen, at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane, og dermed kva ein ynskjer at prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på prosjektplanen, for å sikre at kontrollutval og revisor har ei felles forståing av oppdraget.

I prosjektplanen som oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor har utarbeidd, er det lagt inn to problemstillingar.

1. Korleis arbeider Sykkylven kommune med kompetanse, rekruttering og bemanning innan helse- og omsorg og oppvekst
2. Korleis arbeider Sykkylven kommune med førebygging og oppfølging av sjukefråvær?

Kontrollutvalet bør drøfte og ta stilling til om desse problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ynskjer å revidere. Og om det samsvarar med den risiko- og vesentlegheit som låg til grunn for prioriteringa i Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027.

Ut frå sekretariatsrådgivaren si vurdering er dei føreslåtte rammene for ressursbruk og framdriftsplan, i samsvar med det som var forventa.

Vedlegg

Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor si vurdering av uavhengighet

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 09/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Årsmelding 2024 - Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Årsmelding 2024 for Sykkylven kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kontrollutvalet sitt mynde er knytt til gjennomføring av kontrollhandlingar for å føre kontroll med forvaltninga. Dette inneberer å setje i verk forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og andre undersøkingar i kommunen, og sjå til at rekneskapen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet bør gi informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2024 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå desse overordna måla.

Årsmelding 2024 ligg ved som eige dokument.

Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og kom gjerne med innspel til endringar i møtet.

Endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret, som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

Vedlegg

Årsmelding 2024 for Sykkylven kontrollutval

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Møteplan 2025 - endring av møtedato Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Sykkylven kontrollutval vedtek å flytte sitt planlagte møte frå 14. mai til 30. april kl. 13.30.

Bakgrunnsinformasjon:

Sykkylven kontrollutval skal i sitt møte i mai gje ein uttale til årsrekneskap og årsmelding 2025 for Sykkylven kommune, når revisjonsberetninga ligg føre. Revisor har frist for å levere si revisjonsberetning 15. april.

Uttalen frå kontrollutvalet skal følgje uendra ved saka om årsrekneskap og årsmelding 2024, når den vert handsama i formannskapet og skal uendra leggst ved formansskapet si tilråding til kommunestyret.

Møtedatoane for formannskap og kommunestyre for 2025 var ikkje vedtatt då kontrollutvalet vedtok sin møteplan i november 2024, og derfor kunne vi ikkje ta omsyn til dei. Slik møteplanane art vedtekne, er det planlagt formannskapsmøte 12. mai, kontrollutvalsmøte 14. mai og kommunestyremøte 26.mai.

Vurdering:

Det er uheldig at kontrollutvalet sitt møte i mai kjem mellom møtet i formannskap og kommunestyre, dersom desse organa ynskjer å behandle årsrekneskap og årsmelding 2024 på mai-møta.

Sekretariatsrådgivaren foreslår at kontrollutvalet flyttar sitt møte frå onsdag 14. mai til onsdag 30. april.

Då legg kontrollutvalet til rette for at uttalen frå kontrollutvalet er klar og kan følgje den vidare behandlinga i tråd med kommunelova.

Uttalen frå kontrollutvalet skal uendra følgje saka frå formannskapet til behandling i kommunestyret.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

06/25	Invitasjon til fagkonferanse 3.-4.06.2025 - frist 10.04.2025
07/25	Nyhendebrev frå Forum for kontroll og tilsyn - mars 2025
08/25	Varsel om eigarmøter 2025 i heileigde selskap

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 06/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Invitasjon til fagkonferanse 3.-4.06.2025 - frist 10.04.2025 **Forum for kontroll og tilsyn**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Forum for kontroll og tilsyn inviterer til sin årlege fagkonferanse for kontrollutval 3. og 4. juni på Gardermoen.

Tema for samlinga er:

- Hvordan ivareta habilitet og rolleforståelse når kommunen er eller ønsker å være en aktør?
- Tillit og åpenhet – to sider av samme sak
- Systemkrise i kommuneforvaltningen – hva gjør vi for å sikre bærekraftige kommuner?
- Forebygging av vold i skolen
- Politikk og makt

Årsmøtet:

Årsmøtet vert avvikla 3. juni om ettermiddagen. Sykkylven kontrollutval er medlem. Det er kun medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) som har tale-, forslags- og stemme- rett.

Medlemmar som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringar, må sende desse til sekretariatet post@fkt.no seinast seks veker før årsmøtet, innan 22. april 2025.

Detaljert informasjon finn det på Fkt.no og i Møtepotalen under informasjon.

Dersom kontrollutvalet ynskjer at eit eller fleire medlemmer skal delta, så melder ein seg på innan fristen. Reise bestiller ein sjølv, i tråd med kommunen si rutine for folkevalde. Faktura skal sendast kommunen, merk gjerne med kontrollutvalet.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 07/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Nyhendebrev frå Forum for kontroll og tilsyn - mars 2025

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sykkylven kommune ved kontrollutvalet er medlem i Forum for kontroll og tilsyn.
Vedlagt er nyhendebrevet for mars 2025.

Vedlegg

Nytt fra FKT mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 08/25	Sykkylven kontrollutval	12.03.2025

Varsel om eigarmøter 2025 i heileigde selskap Sykkylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet skal halde seg informert om dei selskapa som Sykkylven kommune har eigarinteresser i.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere kjent med eigarmøter/årsmøter i desse selskapa, og skal difor få varsel om kor tid slike møter vert haldne.

Vedlagt er dei varsel om dato som kontrollutvalsrådgivaren er kjent med når saka vert skreven.

Vedlegg

Ny dato - Varsel om representantskapsmøte 25.04.2025